

Referat frå SU møte Bokn skule

TID: 12.nov kl 16:00

Stad: Naturfagrom

Tilstades:

Susanne, Malene, Silje, Ann Kristin, Åse

Forfall: Svein Ove, Ove, Espen

1. Roller FAU og SU
 - a. Silje vart valgt som leiar av SU og Åse er sekretær
 - b. Neste SU møte vert i mars/april der ein skal bidra til Kvalitetsmeldinga og sjå på resultater.
2. Skuleruta 26/27
 - a. Skuleruta vart godkjent og skal ut på høyring. Ho skal vedtas i formannskap over nyttår.
Det var kommentar på at ein måtte skriva at måndag 21.des truleg vart avspasert
3. Forsvarleg system Bokn skule
 - a. Kartleggingar og prøvar me gjennomfører
 - b. Ungdata/elevundersøking og foreldreundersøking

Det var informasjon om årshjulet for vårt forsvarlege system.
4. Informasjon om Godt og trygt skulemiljø og skulemiljøsaker
 - a. Informasjon om korleis skulen arbeidar no med våre verdiar laga av elevrådet.
 - b. Me har ingen skulemiljøsaker hjå statsforvaltar, men har likevel episodar og aktivitetsplanar lokalt. Skulen følgjer opp tett slik lovverket pålegg oss.
5. Informasjon om Foreldresøttande tiltak
 - a. Det vert foreldrekonferanse 21. november med Helge frå PPT.
Foreldrerepresentantane og tilsette skal reklamera for kvelden. Det er for alle foreldre me må få flest mogleg til å delta.
6. Informasjon om Lesing for alle
 - a. Me har for få foreldre som nytar biblioteket saman med borna. Skule og barnehage har faste timar på biblioteket. Forslag om å senda ut påminning og informasjon på ny til foreldre, med beskjed om at dei kan få tilgang via eigen nøkkelbrikke.
7. Informasjon om prosess Oppvektsplan
 - a. Det har vore ein brei prosess med fire møter og oppvekstplanen kjem opp til politisk handsaming over nyttår
8. Godt arbeidsmiljø på Bokn skule
 - a. Det er god stemning på skulen. HMS utvalet ynskjer å gjera ei arbeidsmiljøkartlegging sidan det er 3 år sidan sist.

Vedlegg PP frå møte

Med vennleg helsing

Åse Bratthammer